

# REKNESKAPSÅRET 2019



## Rådet si årsmelding 2019

- **Årsrekneskap**
- **Noter**

*Alden hamneområde er eit samarbeidsprosjekt mellom kyst- og fjordkommunar i Ytre Sogn og Sunnfjord; Askvoll, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Hyllestad og Naustdal.*

*Alden hamneområde.*

Alden hamneområde vart etablert hausten 2011 og starta verksemda 1. januar 2012, samstundes med at den nye Lov om Hamnar og Farvatn tok til å gjelde fullt ut. Arbeidet er organisert som eit § 27 samarbeid, som skal sikre at kommunane får oppfylt sine krav, samstundes som ein får utnytte stordriftsfordelane og spisskompetansen som finnast i eksisterande organisasjonar.

Alden hamneområde er oppretta for å ivareta deltakarkommunane sitt ansvar etter Lov om Hamnar og Farvatn, samt dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter.

Flora hamn KF krev inn anløpsavgift for medlemskommunane og står som operatør for planlegging, utføring og dokumentasjon av tiltak som har med tryggleik i sjøområdet som er omfatta av hamneområdet. Flora hamn KF tek og ein del sakshandsaming etter Lov om Hamnar og Farvatn for kommunane som er med i samarbeidet.

Samarbeidet har fungert godt og det har vore to rådsmøter i 2019.

Samarbeidet leiast av eit råd bestående av ein representant frå kvar kommune som er med i samarbeidet. Vidar Grønnevik er valt som leiar for rådet.

Hovudkontaktperson i Flora hamn KF er hamnesjef Linda Mortensen Midtbø. Dedisert person for merkeplan/tiltaksplan er senior hamneinspektør Tore Hovden.

Frå 01 januar 2020 vert medlemskommunane endra til fem; Askvoll, Fjaler, Hyllestad Kinn (sør for Bremanger) og Sunnfjord kommune. Ny kommunelov er gjeldande, samt ny hamne- og farvasslov. Anløpsavgifta er endra til farvassavgift, og innhaldet i oppgåvene til kommunane som kan dekkast av farvassavgifta er innskrenka.

### **Økonomiske resultat 2019**

Alden hamneområde hadde ei omsetning i 2019 på Kr 5 121 467.

Årsresultatet enda i 2019 på Kr 1 672 375 før avsetnad til tryggleikstiltak.

Positivt netto driftsresultat i 2019 på Kr 1 672 375 skal nyttast til konkrete tryggleikstiltak i hamneområdet og vert difor avsett til slikt formål i rekneskapet.

Regelverket set strenge krav til kva farvassavgift kan nyttast til og føreset at innkravd farvassavgift i si heilheit skal nyttast til formålet slik at det totalt sett resulterer i eit 0-resultat over ein 3 - 5 årsperiode.

Akkumulert resultat for §27 samarbeidet var pr. 31.12.2019 kr 6 575 986.

### **Utdjuping av inn til Bulandet miljøfisk i Askvoll kommune:**

Det har i 2019 vert løyva midlar til Askvoll kommune for utdjuping i leia inn mot Bulandet Miljøfisk. Dette prosjektet har vert følgt opp av både administrasjon og kommunen, og det vart på hausten gjennomført synfaring for å få godt innsyn i prosjektet. På grunn av offentlege anskaffingar og fredingstid av omsyn til hekketid måtte prosjektet gjennomførast litt annleis enn det vart først søkt om, og oppstarten vart flytta inn i perioden for ny hamne- og farvasslov.

### **Ny hamne-og farvasslov**

Ny hamne- og farvasslov vart vedtatt i Stortinget juni 2019, med iverksetting frå 01.01.2020. Arbeidet har gått fort, med innstilling i april, og det har vert utfordrande å halde seg oppdatert om gjeldande regelverk innafor dei fristane som trengst for å gjere gode vedtak rundt avgiftsregulativ, vedtekter og anna i både hamneråd og dei ulike kommunestyra. Arbeidet med dei tilhøyrande forskriftene pågår, og vil ikkje bli ferdigstilt før 2022. Fleire av forskriftene frå den gamle loven er vidareført. Administrasjonen har vert på opplæring i ny lov både via Norske Havner og Kystverket, men det er framleis mykje som ikkje er heilt på plass enno.

Kystverket peiker på desse momenta som dei største endringane for kommunane:

- Det er gitt ein særskild heimel som gir kommunane mynde til å mellom anna regulere ankring, bruk av taubåt og dykking i eige sjøområde. Forskrift om ankring skal godkjennast av Kystverket.
- Ansvar og mynde for navigasjonsinnretningar, samt ansvar for utbetringar i farvatnet, er lagt til staten i sin heilhet. Kommunen har framleis ansvar for eigne navigasjonsinnretningar (som allereie er satt opp).
- Departementet er gitt mynde til å regulere ferdsel i farvatnet. Kommunane er gitt mynde til å regulere ferdsel med fritidsfarty i eige sjøområde.
- Anløpsavgifta vert vidareført med nemninga farvassavgift.
- Eigarkommunen kan på visse vilkår ta ut verdiar frå hamneverksemda.
- Kommunen er gitt adgang til å midlertidig avgrense farty sitt opphald i hamn når det er naudsynt for å unngå eller avgrense lokal luftforureining.
- Det er fastsett ein heime for å kunne stille krav til drift av hamn for å ivareta omsyn til miljø og tryggleik.

Det er gitt nokre overgangsreglar for allereie igangsette prosjekt. Marine grunnkart fell under dette. Alden hamneområde/Askvoll kommune søkte om løyve til å få utvidinga inn til Bulandet miljøfisk innunder under denne paragrafen, men fekk avslag, då prosjektet ikkje var satt i gang tidsnok.

### **Ny kommunelov**

Etter at kommunelova vart vedtatt 8. juni 2018 er det klart at §27 samarbeidsforma vert vidareført, men i endra form. Dagens §27 selskap må omdanne seg enten til kommunalt oppgåvefelleskap eller interkommunalt politisk råd, alternativt anna selskapsform (IKS, AS eller SA) seinast fire år etter at kommunelova trår i kraft. Punktet som omhandlar §27 trer i kraft første ordinære kommunestyremøte etter kommunevalet hausten 2019. Alden hamneområde kjem ikkje under vilkåra til interkommunalt politisk råd, så det må vere enten kommunalt oppgåvefelleskap eller anna selskapsform. Det er kommunestyra sjølv som må treffe vedtak om omdanning til ny selskapsform og vedta ny samarbeidsavtale.

### **Kommunesamanslåing**

Frå 01.01.2020 vart kommunane Førde, Gaular, og Naustdal slått saman med Jølster til Sunnfjord kommune. Flora kommune vart frå same dato slått saman med Vågsøy kommune til Kinn kommune. Flora kommune har Flora hamn KF som sitt hamneselskap og Vågsøy kommune er ein av fire deltakarkommunar i Nordfjord hamn IKS. Korleis dette vert organisert vidare er ikkje avgjort enno, og fellesnemnda i Kinn valde i juni 2019 å utsette dette arbeidet på ubestemt tid.

I samband med dette har Alden hamneområde fått nye vedtekter gjeldande frå 01.01.2020. Alden hamneråd har frå same dato også blitt redusert frå sju til fem representantar.

**Redningsbøyer m/stativ:** Dette har vert produsert og levert ut i Gaular kommune i juni samstundes som det vart gjort tilsyn av kaier. Fleire redningsbøyer er bestilt og vil bli satt ut når dei er komt.

### **Tilsyn av kaier:**

Det vart gjennomført tilsyn av kaier i juni. Invitasjon vart sendt ut til dei kommunale representantane, og rapport vart sendt til den enkelte kommune i etterkant. Førde kommune vil få gjennomført tilsyn i oktober/november 2019. Dette arbeidet vil ikkje bli vidareført i 2020 pga ny hamne- og farvasslov.

### **Hamnebåten Ytterøyane:**

Hamnebåten Ytterøyane vart levert våren 2019, og døypt i Florø i mai med delar av hamnerådet tilstade. Ytterøyane har vert i bruk i Alden både i samband med tilsyn av kaier og utlevering av redningsbøyer, og i samband med drivgods i sjø. Etter rasa som var i Jølster og Førde sommaren 2019 var Ytterøyane i sving for å ta opp drivgods, saman med Kystverket sin båt Storholmen.

## Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet vert vurdert som tilfredsstillande.

Det er ikkje rapportert om skader eller ulykker på arbeidsplassen som har medført sjukefråver i 2019.

## Likestilling

Alden hamneområde har i 2019 ikkje hatt tilsette, då det er tilsette i KF Flora hamn som har utført oppgåvene slik at kostandane med desse er fordelt i forhold til oppgåvefordelinga. Rådet har hatt sju medlemmar, derav ei kvinne og seks menn. Styreleiar er mann.

## Antall kaibesøk pr kommune i Alden hamneområde 2019 (2018 i parentes):

- Flora kommune u/lokale rutebåtar	7 401 kaibesøk (6 496)
- Naustdal kommune	4 kaibesøk (1)
- Førde kommune	172 kaibesøk (178)
- Gaular kommune	54 kaibesøk (56)
- Askvoll kommune u/lokale rutebåtar	779 kaibesøk (873)
- Fjaler kommune	333 kaibesøk (296)
- Hyllestad kommune	1 739 kaibesøk* (1 739)

**Totalt: 10 430 kaibesøk (9 639)**

*\*Rutebåtar som anløper Rysjedalsvika i Hyllestad vert rekna med kun eit kaibesøk pr døgn. Dette gjeld ferja Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella og hurtigbåt mellom Bergen-Sogn og Bergen-Nordfjord.*

## Rådet for Alden hamneområde

Florø/videomøte 16. april 2020.

---

Vidar Grønnevik

Rådsleiar

---

Margun Hyenes

Nestleiar

---

For Sunnfjord  
kommune  
Rådsmedlem

---

Fritz Hugøy

Rådsmedlem

---

For Fjaler kommune

Rådsmedlem